

## Lovar for *Misjonshuset menighet (ikkje endeleg namn)*

### § 1 Føremål

Menigheten sitt føremål er å utbreie Guds Ord ved menighetsbyggande arbeid, og ved å arbeide for oppbygging og vekking på Varhaug, elles i Noreg, i andre nasjonar og blant andre folkeslag.

*Misjonshuset menighet* skal informere om og oppmuntre til støtte og deltaking i eigarorganisasjonane sitt arbeid i inn- og utland.

### § 2 Vedkjenning

*Misjonshuset menighet* bygger si verksemd på Bibelen og den evangelisk-lutherske vedkjenninga. (Dei tre oldkyrkjelege vedkjenningane, Confessio Augustana og Luthers vesle katekisme).

### § 3 Tilknytting

Lokallaga til NMS, Normisjon, NLM og ImF er eigarar av menigheten. Menigheten står tilknytt ImF Rogaland og NLM Region Sørvest, og vil fylgje desse organisasjonane sine grunnreglar og retningslinjer.

### § 4 Forkynning og sakrament

Ein bør primært søkje å nytte forkynnalar med tilhøyrslø til eigarorganisasjonane. Misjonshuset menighet vil forrette nattverd, dåp og konfirmasjon.

### § 5 Medlemskap

Menigheten består av dei medlemmane som melder seg inn, og som er einige i paragraf 1 og 2, er døypte og vedkjenner seg å vere ein kristen ved å vedkjenne Jesus Kristus som sin Frelsar og Herre.

Nye medlemmar vert tekne opp etter samtale. Medlemskap avheng av at ein vil arbeide for å fremme menigheten sitt føremål og vedkjenning, og at fastsett kontingent er betalt.

Medlemmar som lever i strid med Guds ord, skal formanast i samsvar med Matt. 18, 15-18.

### § 6 Årsmøte

Menigheten sitt årsmøte bør haldast så tidleg som mogleg på nyåret, seinast innan utgangen av mars månad.

Personar som har vore medlemmar i menigheten i minst tre månader og har fylt 15 år har stemmerett.

På årsmøtet vert følgjande saker handsama:

- Val av ordstyrar og referent
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Årsmelding

19-12-2018

- Revidert rekneskap og budsjett
- Val av styre for menigheten
- Val av eldstar
- Val av revisor
- Val av valnemnd
- Samtale om arbeidet i året som gjekk og drøfting av strategi, målsetting og arbeidsplan for arbeidet framover
- Andre saker som er nemnt i innkallinga

Saker som skal handsamast på årsmøtet må meldast til menighetsstyret sin leiar seinast seks veker før årsmøtet, og må vere kunngjort på vanleg måte og minst tre veker før årsmøtet vert avhalde.

Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret, to av dei lokale leiarane i eigarorganisasjonane eller minst 15 % av medlemmane ber styret om det.

## § 7 Styret

*Misjonshuset menighet* vert leia av eit styre på minst seks medlemmar. Begge kjønn bør være representerte.

Styret konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar, sekretær og eventuelt andre funksjonar. Kasserar kan veljast utanom styret sine medlemmar.

Dei største aktivitetane nominerer ein kandidat kvar til valnemnd og desse vert presentert på årsmøtet for godkjenning.

Menighetsstyret og eldsterådet skal samlast minst to gonger kvart år.

Styret finn kandidatar til valnemnd og presenterer dei på årsmøtet.

Eit fleirtal av eigarorganisasjonane sine lokale leiarar kan krevje nyval av styret.

## § 8 Eldsteråd

Eldsterådet består av menn valt av årsmøtet. Det skal vere minst tre menn i eldsterådet.

Funksjonstida er seks år, men ein eldste kan veljast om att for seks nye år. Etter to samanhengande periodar kan ein eldste veljast om att etter eit års opphald.

Leiarane i eigarorganisasjonane er valnemnd for eldsteråd. Kandidatar til eldsteråd skal godkjennast av eksisterande eldsteråd før innkalling til årsmøte. Kandidatar til eldsterådet får tillit ved at dei vert godkjent av årsmøtet med tilslutning frå 2/3 fleirtal.

Eldsterådet har hovudansvar for menigheten si åndelege verksemd og vekst.

## § 9 Økonomi

*Misjonshuset menighet* har eigen økonomi med budsjett og rekneskap. Menighetsstyret har ansvar for alle inntekter og utgifter relatert til menighetsarbeidet. Dei skal sørge for å halde ein ansvarleg økonomi der budsjett og rekneskap vert presentert og vedteke av årsmøtet.

19-12-2018

Menigheten betalar husleige, talarhonorar og andre utgifter etter definerte satsar. Endringar relatert til tilsetting skal godkjennast av leiarane i eigarorganisasjonane.

Det skal leggest til rette for at misjonsorganisasjonane på lik linje kan presentere misjonsarbeidet og samle inn kollekt til arbeidet. Organisasjonane har ansvaret for misjonsarbeidet i menigheten, og menighetsstyret skal legge til rette for eit rikt misjonsengasjement.

Menigheten driv misjonsarbeidet gjennom eigarorganisasjonane ved blant anna at medlemmane har fast givarteneste og gir misjonsgåver/kollektar direkte til eigarorganisasjonane.

Det vil vere eiga fast givarteneste og gåver/kollektar til menigheten for å dekke utgiftene til å drive menigheten.

Midlar innsamla til menigheten som menigheten ikkje skal bruke til eiga drift vert fordelt likt mellom eigarorganisasjonane.

## § 10 Lovendring

Paragraf 1 og 2 kan ikkje endrast utan godkjenning frå lokalt eigarskap og frå regionalt eller nasjonalt nivå i NLM og ImF.

Endring av lovane kan gjerast på årsmøtet og krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmane.

Forslag til lovendring kan fremmast av menighetsstyret og eldsteråd, eller av minst 10 % av menigheten sine medlemmar seinast 2 månader før årsmøtet. Styret gjer forslag til lovendring kjent for medlemmane seinast ved innkalling til årsmøtet.

Oppstår det problemstillingar som ikkje er omtala i menigheten sine lovar og som ikkje lar seg løyse i menigheten sitt eige organ og i eigarorganisasjonane, skal regionleiarane i NLM og ImF involverast. Dersom det er problemstillingar som ikkje lar seg løyse er det NLM sitt lovverk som skal nyttast.

## § 11 Retningslinjer

Utdjupande og forklarande retningslinjer skal følge lovane. Styret kan foreslå endringar som skal godkjennast av dei lokale leiarane av eigarorganisasjonane og skal gjerast kjent saman med innkalling til årsmøtet.

## § 12 Opphøyr

Ved opphøyr av *Misjonshuset menighet* tilkjem verdiane Varhaug Misjonshus. Dersom ein organisasjon ønsker å trekke seg ut som eigar av menigheten så må det kallast inn til årsmøte i menigheten. Paragraf 3 må då endrast.